

adresseliste

Vår dato:

Vår ref.: NVE 200805442-3 ki/elha

Arkiv: 312 /064.B4

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Ellen Lian Halten

22 95 91 93

Leif Tore Ekse – Søknad om løyve til å bygge Sylvberg kraftverk i Modalen kommune, Hordaland – høyring

NVE har motteke ein søknad frå Leif Tore Ekse, datert 5.2.2009, om løyve til å bygge Sylvberg kraftverk i Modalen kommune.

Kraftverket vil ha ei yting på 1830 kW og gje ein produksjon på cirka 7 GWh, noko som tilsvarar straumforbruket til om lag 350 husstandar. Sylvberg kraftverk vil utnytte eit fall på om lag 302 meter. Det er planlagt å regulere Nedre Sylvbergjønn. Vatnet skal hevast frå dagens naturlege vasstand kote 896 og opp til kote 902, regulerast mellom kote 898 og kote 902, og overføres til Kvernhuselvi gjennom ein 250 meter lang tunnel. Reguleringsmagasinet vil få eit volum på 0,25 mill. m³. Det er og planlagt å regulere Kvernhusbotnvatn frå naturleg vasstand på kote 902 og ned til kote 898. Reguleringsmagasinet i Kvernhusbotnvatn vil få eit volum på 0,15 mill. m³. Inntaket i Kvernhusbotn vil verte på kote 896, inntaket for overføring frå Nedre Sylvbergjønn vil verte på kote 886 og det vil og verte etablert to bekkeinntak på kote 903 for overføring av vatn til Kvernhuselvi. Kraftstasjonen vert plassert på kote 595.

Vatnet vert ført ned til kraftstasjonen gjennom røyr. På kote 870 vil røyrret frå inntaket i Kvernhusbotn koplant saman med overføringa frå Nedre Sylvbergjønn. Til saman vil om lag 1250 meter av røyrgate vert liggjande i dagen og om lag 750 meter skal gravast ned. Det vil bli bygd ein 150 meter lang permanent veg mellom inntaket til det planlagde Kvernhuselvi kraftverk og opp til kraftstasjonen til Sylvberg kraftverk, Kraftverket vil verte knytt til kraftlina frå Kvernhuselvi kraftverk med ei 750 meter lang luftline ned til røyrgate til Kvernhuselvi kraftverk og 200 meter jordkabel vidare ned til samankoplingspunktet.

Om sommaren er det planlagt slipp av minstevassføring på 20 l/s frå inntaket i Kvernhusbotnvatn. Det planleggast ikkje slipp av minstevassføring i Sylvbergelvi.

Det er òg søkt om løyve etter energilova for bygging og drift av Sylvberg kraftverk med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftline.

Søknaden skal handsamast etter reglane i kap. 3 i vassressurslova (vrl.) og gjeld løyve etter vrl. § 8. Søknaden med vedlegg vert lagt ut på www.nve.no/smaakraft, og den vert kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringa ligg ved. Viss de ønskjer papirutgåve av søknaden, kan de kontakte Leif Tore Ekse på tlf. 91 63 94 00 eller e-post: leiftoreekse@yahoo.no.

NVE ber Modalen kommune leggje to eksemplar av søknaden ut til offentleg ettersyn på kundetorget på kommunehuset og to eksemplar på Coop Modalen fram til **15.4.2009**. Det eine eksemplaret kan, om naudsynt, lånast ut for kortare tid (2-3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden. I tillegg vert søknaden lagt ut på Modalen kommune sin nettside: www.modalen.kommune.no.

Vi syner elles til vedlagde informasjonsark som forklarar sakshandsaminga frå saka vert sendt på høyring til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva for tilbakemelding vi ynskjer.

NVE føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via www.nve/smaakraft så snart som mogeleg og seinast innan 15.4.2009. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Fråsegner eller delar av fråsegna vert referert i eit endeleg vedtak. Om fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det utarbeidas eit samandrag som kan brukast til dette.

Med helsing

Øystein Grundt
seksjonssjef

Ellen Lian Halten
avdelingsingeniør

Vedlegg: Søknad til kommunen
 Kunngjeringstekst
 Informasjonsark
 Adresseliste

Adresseliste for: Bygging av Sylvberg kraftverk

Handsamast etter: Vassressurslova

Vert kunngjort av NVE ved CIA Media Marketing 1 gong i: "Vaksdalposten" i Vaksdal og "Bergens tidene" i Bergen.

Tal på søknadar	Namn/adresse
5	Modalen kommune, Pb. 44, 5729 Modalen
	Fylkesmannen i Hordaland, Pb. 7310, 5020 BERGEN
	Hordaland fylkeskommune, Pb. 7900, 5020 BERGEN
	Naturvernforbundet i Hordaland, Pb. 1201, 5811 BERGEN
	Nordhordland Jfl, Pb. 156, 5903 ISDALSTØ
	Nordhordland Turlag v/Arnhild Hatland, Børslid, 5993 Ostereidet
	BKK Nett AS, Postboks 7050, 5020 BERGEN
	Modalen Kraftlag BA, 5729 Modalen
	Forum for natur og friluftsliv v/ Bergen Turlag, Tverrgt. 4/6, 5017 BERGEN
	Norsk ornitologisk forening, avdeling Hordaland, Boks 280, 5751 ODDA
4	RV-ias, SVA-ssm, KD-ehy, ER-shs